



Forskrift om skule- og feriedagar 2026- 2027, **Time kommune**

Heimel: Fastsett av Time kommune 10.11.25 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på dei fastsette dagane. Forskrifta gjeld for elevar ved dei kommunale grunnskulane i Time kommune skuleåret 2026- 2027.

§ 2. Skuleruta 2026- 2027

Dato	Merknader, ferie, fri	Antal skuledagar
August	Onsdag 19. august er skulestart for elevane.	9
September		22
Oktober	Haustferie veke 41 (5.- 9. oktober).	17
November	Fri for elevane 13. november.	20
Desember	Tysdag 22. desember er siste skuledag før jul.	16
Januar	Fri 1. nyttårsdag 1. januar Fri for elevane måndag 4. januar Tysdag 5. januar er første skuledag etter jul.	19
Februar	Vinterferie veke 7 (15.- 19. februar).	15
Mars	Påskeferie veke 12 (22.- 30. mars). Onsdag 31. mars er første skuledag etter påskeferien.	16
April		22
Mai	Fri Kristi himmelfartsdag torsdag 6. mai Fri for elevane fredag 7. mai Fri Grunnlovsdag/ 2. pinsedag måndag 17. mai	18
Juni	Tysdag 22. juni er siste skuledag for elevane	16
	Sum skuledagar	190

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Elevane skal ha minimum 190 skoledagar.

I skuleruta kan følgjande **ikkje** endrast:

- Første og siste skuledag for elevane ved oppstart og slutt av skuleåret.
- Dato for 4 planleggingsdagar for SFO, då dei er felles med barnehage.
- Elevane sine fridagar. Skyss er avtalt i tråd med skuleruta.

§ 3. Lokale variasjonar

- Skulane fastset sjølv 6 planleggingsdagar på elevfrie dagar.

§ 4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2026 og blir oppheva 31. juli 2027.